



## Høring av utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver 2022-2034

Formannskapet i Alver vedtok 11. november å leggje utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel på høring og offentlig ettersyn (20/5146). I utkastet til samfunnsdelen kan du lese om korleis vi ønskjer å ha det mot 2040, og kva vi må gjere for å få det til. Vi vil gjerne høyre di meining om målsettingane, og om du meiner høyringsutkastet tar tak i dei viktigaste utfordringane i kommunen vår.

Alver kommune starta arbeidet med samfunnsdelen hausten 2020, og har gjennomført ei rekke medverknadsmøter for å hente innspel frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, tilsette i kommunen og lokalpolitikarar. Utkastet til samfunnsdelen byggjer på desse innspela.

Utkastet til samfunnsdelen er tilgjengeleg digitalt på [nettsida til kommunen](#). Utkastet er også tilgjengeleg i trykt versjon ved innbyggjarservice i Knarvik, Frekhaug og Manger.

Frist for å kome med innspel er **15. februar 2022**. Du kan sende inn innspel på tre måtar:

1. [Elektronisk innspelskjema](#) som ligg på nettsiden til Alver kommune.
2. På e-post til [postmottak@alver.kommune.no](mailto:postmottak@alver.kommune.no). Merk e-posten med sak 20/5146.
3. Ved brevpost til Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug.

Alle skriftlege innspel vil bli behandla administrativt, og blir lagt fram som del av den politiske sluttbehandlinga av samfunnsdelen.

Har du spørsmål? Ta kontakt med prosjektleiar Line Thuen Waage på e-post [Line.Thuen.Waage@alver.kommune.no](mailto:Line.Thuen.Waage@alver.kommune.no).

Med vennleg helsing,

Line Thuen Waage,  
Samfunnsplanleggjar, Plan og analyse